

**Bli med på snøryddedugnad!****03.01.2009**

**Vinteren har gjort eit framstøt i Uskedalen natt til laudag og på Fjellandsbøvatnet har det kome 10-15 centimeter nysnø.**

**Viss det skal bli gode tilhøve for skøytesport på vatnet i helga, bør snøen bort før det frys på.**

Difor oppmodar Ivar Gundersen folk om å komme til vatnet og gjera ein dugnadsinnsats med fjerning av snøen så snart som mogeleg.

Ein ivrig gjeng var i gang allereie laurdag føremiddag og dei bør få selskap av langt fleire.

Tre av dei ivrige var Ivar Gundersen, Johannes Hjønnevåg og Karsten Haugland som tar ei lita pause på dette biletet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)